Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Drikk til maten til kvardags

Oppskr. av: Jonn A Ysmenes

(adresse): Vigmarken um Grömstad

Fylke: Aust. Agder

Herad: Landvik

Bygdelag: Övre og nedre Landvik

Gard: Ysmenes

G.nr. 78 Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Drikk til maten til kvardags.

Mjölk

1.

Det har i manneminne vore same framgongsmåten med å brukka både nysilt og skumma mjölk. Men bruken av nysilt mjölk har auka mykje i dei seinare åra

2.

Ja, her drikk ein mykje mjölk som tørstedrikk utan mat til. Det er helst surmjölk som vert brukt

3

Av mjölk lagar ein myssmör, kvitost eller gamalost som dei kaller det her. Blande brukar dei å laga om sumaren i slåtten.
Mjölk vart brukta til mjölkesuppa og frå same stoda til graut.

4

Öl

Heimebrygga öl er brukt i vanlege tider her i sokna. Det vart kalla heimebrygg her. Öl vart brukta her både sumar og vinter, men helst brukta dei det i slåtten. Sirupsöl brukta dei mykje, men maltbrygg er ikkje brukta

Vend

5546

mykje bruk, ei tid i dei övre bygder

Kaffi

5

Det er nog fortalt at det var presten Bugge i Romedal som först fekk tak i Kaffien. Det var umlag i 1820 åra

6

Frå den tid som mend blei Kaffi meir og meir allemannsdrykk. Ein brenn Kaffien so ljosbrunt det gjeng ann og so målar dei han på Kaffikværna. Når dei Koktar Kaffi, brukar dei Klaresskind, det gjeld um å få Kaffien Så Klår som mogeleg. Før i tida brukte dei mykje å sjå i Kaffigrut. Det var mest ma dei spådde etc. Dei Kasta Koppen og av dei figurane som dei den såg laga dei ymse merke samt, brurferder om ei gjente og ein gut. Som dei meinte skulde ha einannan o.s.v.

9

Mange brukar Sukker i Kaffien, men endel brukar Kaffien svart utan flöyte, det er brukt både rafinade og farin i Kaffien, men der er dei som ikkje vil ha Kaffien söt. Dei brukar aldri Sukkar i Kaffien, men lett Sukker og flöyte i Kaffien og bruker sukkeret frå den måten

Te

10

Te vart lite brukt i husholdningen her. Kangote vart helst brukt i fenare selskap. Salvieste vart meir brukt på landet, det skulle vera so helsesamt sa dei. Det var mykje seinare att te vart tatt i bruk enn t.d. Kaffien

Brennevin

11 –

Her i vår bygd blei brennevin ikkje brukt i dei seinare åra, då fråhaldsarbeidet har

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5546

Vend

hatt ein gagnleg verknad frå folket her. Før i tida var brennevin likeso gjævt som det daglege brød og dei brukte det både i helg og vyrke; Det viste seg meir og meir at det var abnorme bruk. Dei kjøpte det i byen i den gamle tid tura og drakk og ennskilde vart buslit-folk måtte gå frå gardane, men noge slett-ter kom det, fråhaldsarbeide feste tak og då blei det slutt med fylleriet. I dag har ein ydderst sjelden ein full mann.

[illegible]

12.

No i tida brukar ein mest Vørtersål og Brennebrygg til kvardags bruk.
Heimebrent vert laga, men lite brukt av mengdi då dei fleste er fråhalde folk.

5546

Jonas A Grimenes

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING